



## Halvor Nordhaug

### Curriculum vitae

Adresse	Måltrostveien 3 b, 1430 Ås
Fødselsdato	26.02.53
Sivil status	Gift, tre born
Utdanning	Cand. theol. ved Menighetsfakultetet 1978 Praktisk-teologisk eksamen ved Menighetsfakultetet 1979
Eventuelle faglege publikasjonar	<u>Bøker:</u> <ul style="list-style-type: none"><li>• <i>En kirke for folket. En debattbok om statskirke og folkekirke</i>, Oslo 2006</li><li>• <i>... så mitt hus kan bli fullt. En bok om prekenen</i>, Oslo, 2000</li><li>• <i>Himmeljorden. Betragtninger om tro og natur</i>, Oslo, 1991</li><li>• <i>På talefot med troen. Credo småhefter</i>, Oslo, 1985</li><li>• <i>Fremmede i verden. Studiebok til Peters Første og Andre brev</i>, Oslo, 1985</li></ul> <u>Redaktør og medforfattar til:</u> <ul style="list-style-type: none"><li>• <i>Vern om skaperverket. Kirker verden over i arbeid for miljøvern</i>, Oslo, 1989</li><li>• <i>Tro møter tro. Om kirkens møte med andre religioner i Norge</i>, Oslo, 1991</li></ul>

### Faglege artiklar:

- "Kan vi preke som før? Prekenens vilkår i en postmoderne situasjon", Halvårsskrift for praktisk teologi, nr. 2, 2005, s. 33-41.
- "Morgendagens prest – Morgendagens pretestudium", Ung Teologi, nr. 4, 2005, s. 63-66.
- "Menighetens prest : bidrag til en pastoralteologi for menighetsbygging", Halvårsskrift for praktisk teologi, nr. 1, 2003, s. 10-21.
- "Kjønn og preken", Halvårsskrift for praktisk teologi, 1997, s. 13-27
- "Forkynnelse ved dåp",  
"Konfirmasjonsgudstjenestens preken",  
"Vigslestalen" og "Gravferdstalen" i: B. Okkenhaug og O. Skjevesland (red.): *Våre tider i Guds hånd: kirkens tjeneste ved dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd*, 1997, s. 85-94, 109-116, 158-65, 214-220
- "Er det slik vi bør utdanne prester? : et debattinnlegg om den praktiske teologis stilling i teologistudiet på MF", Ung Teologi, 1996, s. 29-40.
- "Hva kan vi gjøre? Vern om skaperverket som praktisk-teologisk utfordring" i *Om alle land lå øde*, Presteforeningens studiebibliotek nr. 34, 1990, s. 185-201.
- "Kirken og kirkene. Økumeniske prinsippsspørsmål", Ung Teologi, 1988, s. 1-14.
- "Uråpenbaring og naturlig teologi : refleksjoner over et spenningsfullt naboforhold hos Paul Althaus", Tidsskrift for Teologi og Kirke, 1987, s. 35-49.

Diverse artiklar og kronikkar om kyrkjelege tema i Vårt Land, Aftenposten, Dagbladet og Adresseavisen.

### Arbeidspraksis

- 1981-86: Prest for norske studentar i utlandet i Den norske Sjømannsmisjon. Tenesta innebar også gudstenester for fastbuande nordmenn i Europa.

- 1986-91: Teologisk konsulent i Mellomkyrkjeleg Råd for Den norske kyrkja, inkludert sekretær for Norsk Teologisk Nemnd, Norsk Teologisk Samtaleforum (økumenisk), medlem av studiekommisjonen i Det Lutherske Verdsforbund og representant for Den norske kyrkja ved Kirkenes Verdsråds konferanse for Misjon og evangelisering i San Antonio, 1989.
- 1991-95: Kapellan i Ås. Fungerande prost i Follo frå september 1994 til februar 1995.
- 1995 -: Rektor ved Praktisk-teologisk seminar ved Menighetsfakultetet.

Tillitsverv og engasjement

- Leiar av Presteforeningen sitt fagråd for Homiletikk (preikjelære) 1993-1996 og 1999-2002.
- Leiar av Kyrkjerådet si arbeidsgruppe bak heftet "Homofile i menigheten" 1996-97
- Medlem av Representantskapet i Vårt Land, 1990-99
- Varamedlem av Forbundsstyret i Norges KFUK/KFUM, 1998-2001
- Leiar av Alpha-kurs i Ås, 2002-2004.
- Redaktør av Luthersk Kirketidende, 1994 –
- Medlem av kommisjonen "Churches in Dialogue" under Konferansen av Europeiske Kyrkjer (KEK) 2004 –
- Medlem av Styringsgruppa for Liturgisk Senter, Trondheim, 2004 – 2007
- Nestleiar i Teologisk Nemnd under Mellomkyrkjeleg Råd, 2004 – 2007

Anna

Fast andaktshaldar i NRK, 1988 –

## Svar frå Halvor Nordhaug på spørsmål stilt av Bjørgvin bispedømmeråd.

### 1. Kva visjonar har du for Den norske kyrkja framover?

Eg kjenner meg heime i Bjørgvins visjon: "Saman vil vi gjera Kristus kjend, trudd, elska og etterfølgd." Men her vil eg gje min eigen vri i kortform: "*Ei folkekyrkje som skaper disiplar.*" Ut frå denne visjonen spring ein dobbel strategi: 1) Kyrkja skal vere open og tilgjengeleg for alle medlemmer. Folk må få oppleve at dei høyrer til i denne kyrkja, og at det er rom for dei der ved livets mange korsvegar. 2) Kyrkja skal føre folk fram til ei tileigna kristen tru og ein identitet som Jesu disiplar og lemer på Kristi kropp. Ei målmedveten trusopplæring for barn og unge står sentralt i dette arbeidet.

### 2. Kva er kjernen i di forkynning av Guds ord?

Framfor alt vil eg forkynne Kristus som sann Gud og sant menneske, og som vår frelsar. Eg vil hjelpe folk til å oppdage og glede seg over sitt verd, forstå seg sjølv som Guds medarbeidarar i skapinga, søkje nåden i Kristus, og finne sin plass og gjerne også si teneste i kyrkjelyden. Denne budskapet må folk få høyre til alle tider og på alle stader, på eit språk som dei forstår og som kjennest livsnært og relevant.

### 3. Kva generelle leiareigenskapar har du?

I mi noverande stilling som rektor ved Praktikum har eg fått erfaring i å leie og samarbeide med kollegaer og studentar. Eg får tilbakemeldingar som seier at eg fungerer godt sosialt og kan lytte til andre, samstundes som eg er tydeleg på eigen ståstad. Eg trivst både med å vere undervegs i ein prosess, og med å treffe ei avgjerd når tida er inne. Vidare trur eg at eg har ein forholdsvis klår tanke og kan sette meg raskt inn i nye saker.

Min fremste eigenskap som leiar er nok ei evne til å gje folk tru på det dei gjer. I mine beste stunder kan eg skape motivasjon og begeistring. Mi største utfordring som leiar er å vere tålmodig overfor meg sjølv og andre når prosessar stoppar opp eller blir hindra.

### 4. Kva vil du som biskop her i Bjørgvin legge vekt på i rolla som åndeleg leiar?

- Eg vil regelmessig skape *møteplassar* der både prestane og andre medarbeidarar kan få møte biskopen og ta del i ordsiftet om strategiske vegval i viktige saker.
- *Visitane* må inngå i ein langsiktig, kyrkjelydsbyggande prosess der biskopen saman med dei andre medarbeidarane analyserer stoda og trekkje opp liner for framtida. Eg vil gjerne få medlemmer av bispedømmerådet med i visitasarbeidet.

- *Fornyng* av truslivet er nødvendig for alle kristne. Midt i våre mange aktivitetar treng vi periodar med kvile, bøn og meditasjon. Som biskop vil eg motivere både lønna og ulønna medarbeidarar til å ta regelmessig del i retreat og liknande.
- Som åndeleg leiar vil eg bidra til å styrkje *diakonien* i bispedømmet. Det åndelege må ikkje bli så åndeleg at vi ikkje ser den sosiale og kroppslege nøda rundt oss.
- Eg har vore aktiv i *økumenisk samarbeid* i mange samanhengar, og det har forma mi tru og min teologi. Eg vil arbeide for å styrkje kristen einskap Bjørgvin.
- Mange menneske både i og utanfor kyrkja ber på ein *åndeleg lengt*. Som biskop vil eg prøve å skape arenaer der eg kan komme i nærkontakt og dialog med desse.

**5. Fortel kort om dine personlege eigenskapar/åndelege utrustning/nådegeaver.**

- Framfor alt trur eg at eg er ein formidlar og forkynnar. Eg trivst i denne rolla, og kjenner at eg har noko å gje. Her får eg utfalde mange sider ved min person.
- Som teologisk konsulent i Mellomkyrkjeleg Råd og som lærar ved MF har eg fått arbeide mykje med teologi, og dette gjev meg stor glede. Men eg kjenner no at eg har lyst til å komme ut i frontlina i eit meir direkte, kyrkjeleg arbeid.
- Eg trur eg er flink til å inspirere andre og sette noko i sving. Samstundes øver eg meg i å bli betre til verkeleg å lytte til andre før eg legg fram mine tankar.
- Eg har god humoristisk sans og ei grunnleggjande lys livshaldning.

**6. Nemn døme på situasjonar/saker/arenaer der du opplever å ha lukkast som kommunikator.**

- Eg liker å preike i gudstenesta, og lever i den trua at folk som oftast høyrer etter.
- Dagleg underviser eg studentar, og her får eg jamt over gode tilbakemeldingar.
- Eg likte godt å tale ved medarbeidarsamlinga for Bjørgvin i Arna i haust, og fekk også ei hyggeleg evaluering tilsendt etterpå.
- Eg trekkjer ofte inn kunst og bilete i forkynninga, og trur dette blir godt motteke.

**7. Nemn dei teologiske og kyrkjepolitiske sakene du sjølv synest er mest avgjerande, og kva syn du har i desse sakene.**

- *Kyrkjeordninga* er no i endring, og dette saksfeltet opptek meg. Eg skreiv i

2006 ei bok ("En kirke for folket") som handlar mykje om dette. Eg vil arbeide for ei ordning som både sikrar kyrkja sitt sjølvstende og som legg tilhøva til rette for ei levande folkekyrkje. Kyrkja bør bli eige rettssubjekt. Vidare bør vi samordne dei to arbeidsgjevarlinene i kyrkja betre.

- *Miljøkrise og fattigdomskrise* må løysast. Kyrkja må utvikle ein praksis som svarer til Guds vilje for rett fordeling og vern av skaparverket, og i ord og handling utfordre folk og styresmakter til å treffe radikale val. Eg gler meg over det engasjementet som Bjørgvin bispedømme har på dette feltet.
- *Homofilt samliv* har eg tenkt mykje på, og skrive mykje om. Eg gjekk gjennom saka på nytt etter Lærenemnda si innstilling i 2006, men blei ståande ved kyrkja sitt tradisjonelle syn. Eg vil difor ikkje vigsle homofilt samlevende til kyrkjeleg teneste. Men eg kjenner mange homofile og veit kor vanskeleg dette kan kjennast for dei. Som biskop vil eg så langt eg kan bidra til å finne samlande løysingar slik at usemje om denne saka ikkje fører til at kyrkja blir splitta.

#### **8. Er det noko anna du vil legge vekt på?**

Frå 1981 til 1986 var eg studentprest i Sjømannsmisjonen, under tilsyn av biskopen i Bjørgvin. Her fekk eg stå i eit godt arbeidsfellesskap som eg sette stor pris på. Det ville vere meiningsfylt om eg no fekk høve til å vende tilbake til dette bispedømet og denne samanhengen. Om kyrkja vil ha meg, er eg motivert for å gå inn i denne tenesta.